

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 29. september 2021
	Kl. 20.00 – 22.00
Møtestad:	Kyrkjekontoret

Til stades: Anders Dahl (halve møtet), Dag Sele, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Egil Petterteig, Sigrid Beate Eskeland, Dag Kjetil Lægreid (2.vara) og Jørgen Knudsen (vara geistleg rep)

Forfall: Nils Dale Elde, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Olav Johannes Oma og Signe Vorland (1. vara)

SAKLISTE

2021/48- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent. Samrøystes.

2021/49- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent. Samrøystes.

2021/50- 002 Ny kyrkjeordning - Høyringssak

Sidan 2005 har Kyrkjemøtet i Den norske kyrkja hatt som mål å samle arbeidsgjevaransvaret for alle som jobbar lokalt i kyrkja. I mars 2021 leverte Müller-Nilsen utvalet si utgreiing om korleis dette kan sjå ut med ei organisering på prostnivå.

Det som her skal høyrast, er om dette er modellar som kan nyttast for å teikne ut ei ny kyrkjeleg organisering av Den norske kyrkja. Kyrkjerådet sender difor rapporten på høyring for å få tilbakemelding på dei ulike forslaga og modellane som Müller-Nilssen-utvalet gjer greie for. I det vedlagte høyringsnotatet blir hovedlinene i utvalet sin rapport presentert, med tilhøyrande høyringsspørsmål.

Meir informasjon er tilgjengeleg på: <https://kirken.no/kirkeligorganisering>

Soknerådet si saksbehandling er planlagt som følgjer:

21.sept – Informasjonsmøte (felles for prostiet)

29.sept – Soknerådsmøte med drøfting av høyringsspørsmåla

20.okt – Felles møte med Stord og Nysæter sokneråd + tilsette for å drøfte saka vidare og utveksle synspunkt

26.okt - AU for Stord og Nysæter samlast og utarbeider utkast til høyringssvar frå sokneråda samla eller kvar for seg

10.nov – Soknerådsmøte med drøfting og vedtak av høyringssvar

1.des – Frist for innsending av høyringssvar

I dette møtet (29.sept) legg me opp til ei drøfting av innhaldet i høyringssaka med to føremål:

- God forståing av alternativa/anbefalingane og konsekvensane lokalt
- Identifisere tema/spørsmål som me opplever at vårt sokneråd har klare meiningar om og som det er viktig for oss å gje innspel på

Vedtak:

Soknerådet drøfta høyringsspørsmåla og fekk fram aktuelle synspunkt. AU tek med innspela i det vidare arbeidet med å utarbeide høyringssvar, for framlegg i soknerådsmøte 10.nov.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/sokneprest
2. Innspel frå utvala
3. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag.

- Skriv, referat og meldingar

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

1. Referat, Trusopplæringsutvalet 22.6 og 24.8
2. Referat, Styremøte i Kyrkjestova Fredheim 1.9
3. Referat, Kyrkjelivsutval 9.9

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
referent
sign